


Sjuåring fann merkeleg



Sju år gamle Diego (til venstre) har fått ein dinosaur oppkalla etter seg!



Ville du likt å finne ein ny dinosaur og attpåtil få han oppkalla etter deg? Det gjorde sju år gamle Diego frå Chile.

TEKST: MAGNUS HOLM

For nokre år sidan var sju år gamle Diego Suárez med foreldra sine på jobb sør i landet Chile. Foreldra til Diego har uvanlege jobbar: Dei er geologar – det vil seie at dei forskar på steinar. Saman fann dei knoklar frå ein heilt ukjend dinosaur!

I slekt med *Tyrannosaurus rex*

Den nye dinosauren har fått namnet *Chilesaurus diegosaurezi*. Han er oppkalla etter landet der han vart funnen, og Diego som fann han. Arten ser nesten ut som om nokon har sett saman delar frå forskjellige andre dinosaurar. Truleg var han i slekt med kjøttetaren *Tyrannosaurus rex*. Men tennene og kjevane passar ikkje til å ete kjøtt. Derfor trur forskarane det dreier seg om ein planteetar som har utvikla seg frå ei gruppe kjøttetarar.



Tennene og kjevane passar ikkje til å ete kjøtt.

dinosaur

Meir om dinosaurar på
nysgjerrigper.no



- Søk med ordet «dinosaur» i søkefeltet.
- Les om ekspedisjonen i Alaska der norske forskarar fann hundrevis av fotspor frå dinosaurar.
- Les om korleis Svalbard er eit paradys for fossiljeegarar.



Den nye dinosauren har fått namnet *Chilesaurus diegosaurezi*.

FOTO/ILL.: GABRIEL LIO/DR. FERNANDO NOVAS